

*En flyktning  
krysser sitt  
spor*

## Verdsett, myteomspunnen – og undervurdert

☞ Aksel Sandemose (1899–1965) har hatt ein underleg posisjon i norsk litteraturhistorie. Han er avhalden, hylla og respektert, men dei mest originale og banebrytande perspektiva i forfattarskapen hans er samstundes oversedde eller nedvurderte.

☞ I dag ser vi at Sandemose var ein frontfigur for modernismen i norsk romankunst, og at dei tidlegare hyllingane av forfattarskapen hans pressa han inn i ein norsk tradisjon han ikkje tilhøyrer. Litteraturkritikarane stirte seg blinde på psykoanalytiske perspektiv og jantelov.



Foto: Bjørn Fjørtoft / Scanpix Sweden

## Ein syndefull og antiborgarleg rebell



Foto: Bjørn Fjørtoft / Scanpix Sweden

☞ Sandemose hevda at det i hans tid var viktig å vise fram «syndenes mangfoldighet» og ha «evne til å unnvære medborgerlig aktelse». Begge delar meistra

han fullt ut. Han var nok oppteken av om-dømmet sitt og av å nyte gunst hos andre, men var ikkje redd for å banne i kyrkja. Og syndene var det mange av.

☞ Den danske forfattere og arbeidar-classesonen emigrerte til Noreg som 31-åring fordi livet hans i København var i ferd med å rakne. Han hadde selt same manuset til to forlag fordi han, som mange gonger før, heldt på å drukne i ubetalte rekningar og gjeld. Derfor hadde han roke uklar med dei store danske avishusa og andre sentrale miljø i København. Løysinga vart å reise frå alt saman – til Noreg. Mora var norskfødd, frå Sandermosen i Asker, og Sandemose gjorde seg til nordmann både i språk, samfunnsengasjement og namneval: Han skifte namn frå Axel Nielsen til Aksel Sandemose.

☞ I Oslo kom han inn i den litterære krinsen rundt det kulturradikale tids-

skriftet Mot Dag, men han vart sjølv aldri medlem. Han var ein antiborgarleg opprørar som aldri gjekk i takt med nokon.

☞ I Noreg gjorde han straks inntrykk som ein skarpskodd forfattar og ein stridslysten og kløktig debattant. I tillegg til sine skjønnlitterære tekstar skreiv han mange artiklar i den radikale delen av Oslo-prensa, og to gonger realiserte han draumen om eit eige tidsskrift, først Fesjå (1934–1936), seinare Årstidene (1951–1955).

☞ Men han var òg kjend som drukkenbolt og slagsbror. Sandemose levde på mange måtar eit hardt liv, og forfatterskapen hans handla ikkje minst om dei destruktive kreftene i menneskesinnet.



*Tidsskriftet Mot Dag på skrivebordet i ei leilegheit som var moderne på 1930-talet. Frå Folkemuseet i Oslo.*

*Foto: Morten Holm / Scanpix*



## Jantelov og varulvar

☛ Sandemose utforska det destruktive og irrasjonelle både i samfunnet, i psyken til kvar enkelt og i mytologiske forteljingar. Den mykje omtalte jantelova som han formulerte i sitt første hovudverk, *En flyktning krysser sitt spor* (1933), har både sosiologiske og psykologiske perspektiv.

☛ Boka skildrar korleis samfunnet med sine krav om tilpassing og konformitet bryt ned psyken til enkeltmennesket, og ho illustrerer Sandemoses interesse for vondskap og maktmisbruk. Maktmenneske og mordarar fylte store delar av det litterære landskapet hans, og dei vart gjerne framstilte som menneske med eit fortrenkt kjensleviv.

☛ For å illustrere indre konflikhtar brukte Sandemose mellom anna bilete med my-

tiske referansar. I det tredje hovudverket hans, *Varulven* (1958), er den mytologiske verda veldig tydeleg til stades gjennom mytane om varulven og om det tapte paradiset, begge mytar som viser undergangskreftene i mennesket.



*Ein varulv går til åtak på offeret sitt i eit stikk frå 1700-talet*

## «Jeg vet hvem en Hitler er»

☞ Sandemose krinsa rundt dei uutgrundelege understraumane i menneskesinnet, og denne krinsinga har også ein politisk undertekst. Han var djupt engasjert i fascismens og nazismens psykologi, og han prøvde å finne ut kva djupner i menneskesinnet desse ideologiane henta si kraft frå. «Jeg vet hvem en Hitler er,» seier hovudkarakteren John Torson i Sandemoses andre hovudverk, romanen *Det svundne er en drøm* (1944), som han skreiv i Sverige under okkupasjonstida.



## Eit spegelkabinett av skalkeskjul

☞ Modernistane meinte at førestellinga om eit eigentleg *eg*, ein fast kjerne eller identitet, er ei djup løgn i sivilisasjonen vår. Det same gjeld ideen om mennesket som eit tenkjande vesen. Det er derfor vi møter kontrastfylte, irrasjonelle og variable karakterar i den modernistiske litteraturen. Dei meinte også at den moderne sivilisasjonen skapte framandgjorde menneske med eit stort indre tomrom.

☞ Karakterteikningane til Sandemose skriv seg rett inn i denne europeiske samtidsmodernismen. I romanen *Klabautermanden* (norsk utgåve 1932) lyder det slik: «Men ingen vet lenger hvem han er ... jeg er én, jeg er to, jeg er tre.» Sandemoses sentrale hovudkarakterar er Espen Arnakke frå romanane *En sjømann går i land* (1931), *En flyktning krysser sitt*



Sandemose vert intervjuva av Yngvar Ustvedt

**i** spor (1933), *Det stod en benk i haven* (1937) og *Brudulje* (1938), John Torson frå *Det svundne er en drøm* (1944) og Erling Vik frå *Varulven* (1958) og *Felicias bryllup* (1961).

☞ Både Arnakke og Torson er mordarar. Arnakke er likevel det verkelege offeret, øydelagd av eit jantesamfunn og av makt-



menneske. Han er driven av eit kjærleikshat og prega av disharmoni og ambivalens. Torson på si side har fortrenkt ugjerningane sine. Han prøver intenst å rulle opp eit mord han sjølv har utført, men altså ikkje hugsar. Framandkjensla og det indre kaoset er her det mest preserande.

☞ Erling Vik er også ein spalta karakter med motstridande drivkrefter, og han tviler på at han i det heile har ein identitet: «Var det en kalte personlighet, kanskje ikke så fast forankret som en gjerne ville tro? [...] at en levde på en illusjon, en svindel. [...] Han kunne kjenne det slik at han slett ikke var, aldri hadde vært til, som annet enn skalkeskjul for et skalkeskjul, et speilkabinett av skalkeskjul. [...] Et blendverk, en uvirkelighet holdt sammen av en annen uvirkelighet.»



*Kva er eit spegelkabinett?*



*Forfattaren Aksel Sandemose i byen der han vart fødd, Nykøbing, eller «Jante», som han kallar han i romanane sine. Her med kona Hanne Sandemose.  
Foto: Aage Storløkken / Aktuell / Scanpix*



## «Sannheten er skrevet i vann»

☞ Det eksisterer mange historier og anekdotar om Sandemose, både som forfattar og privatperson. Ein av dei mest kjende, og mest usanne, er at han skal ha sagt at mord og kjærleik er det einaste det er verdt å skrive om. Dette er ein replikk henta frå karakteren Gunder Gundersen i *Det svundne er en drøm*. Sjølv kalla Sandemose denne historia for sitatfusk.

☞ Skulle vi funne eit sitat som fangar noko berande i forfattarskapen, kunne det kanskje heller vere dette: «Verden blir en annen mens du blunker. [...] Sannheten er skrevet i vann» (frå forordet i *En flyktning krysser sitt spor*, andre utgåva 1955). All sannkjenning er altså flyktig og upåliteleg, det er uråd å kome fram til ei sanning om realitetane eller seg sjølv.

☞ I forfattarskapen til Sandemose kjem dette synet til uttrykk på fleire nivå. For det første er synsvinkelen i dei sentrale romanane personal, og forteljaren er upåliteleg. Forteljinga formidlar derfor ingen allmenngjeldande sanningar.

☞ For det andre finn vi innslag av *metafiksjon* i tekstane, det vil seie ulike grep som klargjer at romanverda er fiksjon. Tekstane kan for eksempel kommentere seg sjølve, eller dei kan diskutere i kva grad språket er i stand til å føre fram til eller formidle forståing.

☞ I *En flyktning krysser sitt spor* og *Det svundne er en drøm* prøver forteljarane å skaffe seg livsviktig forståing ved å rekonstruere liva sine gjennom skrift eller forteljing. Skrivinga er derfor ein strategi for å forstå og på nytt vinne kontroll over livet.

☞ I *Varulven* er metafiksjonen ein leik med andre litterære sjangrar. I romanen er det fletta inn ei mordgåte, men ho blir liggjande uløyst. I samsvar med tanken om at sann forståing av verda er umogleg, endar mange av romanane oppe og gåtefullt. Vi får ingen svar.

☞ Fleire av romanane til Sandemose er heller ikkje romanar i tradisjonell tyding. Sandemose sjølv likte ikkje å kalle tekstane sine romanar. Han framstiller først og fremst eit indre sjeleliv av kaotiske og sjølvmotseiande krefter, ikkje ein forståeleg røyndom med ein logisk ytre hendingsgang.

☞ Slik er han ein vidareutviklar av medvitsstraum-teknikken («stream of consciousness») til James Joyce. Sandemose fornyar denne teknikken ved å skape ein hybrid (ei blanding) mellom romanen og essayet, som er den subjektive og opne

sakprosasjangeren. I sine beste romanar kombinerer han ein ytre hendingsgang med lange essayistiske parti.

☞ Både upålitelege forteljarar, laust komponerte romanar med lengre essayistiske parti og tekstar utan svar vart av litteraturforskarar i samtida rekna som skjemmande drag ved forfattarskapen til Sandemose. I dag tenkjer vi i staden at dette forklarar kvifor Sandemose som ein av våre få nyare diktarar har fått ein plass i verdslitteraturen.



*Aksel Sandemose  
om inspirasjon*



*En flyktning krysser  
sitt spor*



*Espen Arnakkes kommentarer  
til Janteloven 1955*

